

MELAND KOMMUNE

SAKSPAPIR

| | | | |
|-----------------------------|-----------------|-------------|--------------|
| Styre, komite, utval | Møtedato | Sbh. | Saknr |
| Kommunestyret | 25.09.2013 | IHJ | 061/13 |

| | | | |
|-------------------------------------|--------------|---------------|-------------------|
| Avgjerd av: Kommunestyret | Ansv. | Arkiv: | Arkivsaknr |
| Saksbeh.: Ingvild Hjelmtveit | IHJ | N-810 | 13/1114 |

HØYRING - NOU 2013:9, EITT POLITI - RUSTA TIL Å MØTE FRAMTIDAS UTFORDRINGAR

Dokumentliste:

| Nr | T | Dok.dato | Avsender/Mottakar | Tittel |
|----|---|------------|--------------------------------|---|
| 1 | I | 24.06.2013 | Justis- og politidepartementet | HØYRING - NOU 2013:9, EITT POLITI - RUSTA TIL Å MØTE FRAMTIDAS UTFORDRINGAR |

Saksutgreiing:

Kommunen er invitert til å gi høyringsuttale til NOU 2013:9 "Ett politi – rustet til å møte fremtidens utfordringer". Frist for å kome med uttale til utgreiinga er 1. oktober 2013.

Utgreiinga tek for seg to reformer innan politiet, ei struktur reform og ei kvalitetsreform. Strukturreformerna går på inndeling i tal politidistrikt og tal kontorstader. Kvalitetsreformerna går på kva politiet skal jobbe med og korleis.

Utvalet som har jobba med NOU 2013:9 har gjort ein brei gjennomgang av politiet.

Gjennomgangen har omfatta følgjande delområde:

- Utviklingstrekk i samfunnet og kriminaliteten
- Politiet sine oppgåver
- Struktur og organisering
- Styring
- Leiing
- Effektivitet og kvalitet i oppgåveløysinga
- teknologi

Det er naturleg at kommunen konsentrere seg om å gi uttale til struktur og organisering.

| | | | | |
|--|---|---|---|---|
| Skrive ut og kalle tilbake pass | | | x | Skatteetaten (folkeregisteret) |
| Skiltmynde | | | x | Statens vegvesen |
| Førarkort (kontrollere, beslagleggje og inndra) | x | | | |
| Kjøresetlar | | x | | Statens vegvesen |
| Handtere hittegodts | | | x | Kommunal eller privat verksemd |
| Handtere vrak | | | x | Kommunalt, fylkeskommunalt eller privat |
| Godkjenne vaktelskap og ordensvakter | | x | | Brønnøysundregisteret |
| Godkjenne brukthandlar | | | x | Kommunalt |
| Handtere laushundar og forbod mot farlege hundar | | | x | Mattilsynet eller kommunalt |
| Motta varsel om kremering | x | | | |

Oversyn over moglege overføringar av sivil rettspleie og namsfunksjonar:

| Oppgave | Behalde | Delvis behalde | Ikkje behalde | Moglege ansvarleg etat |
|----------------------------------|---------|----------------|---------------|--|
| Utleggsforretning | | | x | Statens innkrevjingsssentral |
| Tvangssal | | | x | Statens innkrevjingsssentral |
| Tilbakeleveringsforretning | | | x | Statens innkrevjingsssentral |
| Ulike tvangsdekkingsforretningar | | | x | Statens innkrevjingsssentral |
| Fråvike fast eigedom | | | x | Statens innkrevjingsssentral |
| Lensmannskjønn | | | x | Jordskifteretten |
| Naturskadeskjønn | | | x | Statens landbruksforvaltning |
| Sekretariat for forlikråda | | | x | Kommunalt |
| Gjeldsordning | | | x | NAV-kontora eller statens innkrevjingsssentral |
| Hovudstemnevitne | x | | | |
| Notarius publicus | | | x | Domstolsadministrasjon evt. private verksemd |
| Skiftehandsaming | | | x | Tingretten delegerer til bustyrar |

Politiet skal først og fremst arbeide med å førebyggje kriminalitet og skape tryggleik blant innbyggjarane. Omsynet til kjerneoppgåvene må difor overstyre omsynet til tileggsoppgåvene. Tilleggssoppgåvene skal og løysast effektivt og med god nok kvalitet, men dei må ikkje stå i vegen for løysing av kjerneoppgåver. Dei tileggsoppgåvene politiet har i dag, må nødvendigvis ikkje løysast av politiet.

Struktur og organisering:

Politiet si evne til å levere gode polititenester og effektivt kunne kjempe mot kriminalitet i framtida avheng i betydeleg grad av politiet sin struktur og organisering.

Den politiorganisasjonen vi har i dag består av mange tenestestadar som er svært ulike både i storleik, organisering befolkningsgrunnlag og kriminalitetsbilete. Vi har 27 politidistrikt, som igjen er delt inn i 270 lensmannsdistrikt og 69 politistasjonsdistrikt. Ein del av lensmanns og politistasjonsdistrikta er samordna i administrative driftseiningar. Utvalet har i sin analyse

come fram til at det er 354 tenestestadar i politiet. Den einskilde tenestestad har med nokre få unntak ansvar for alle oppgåver innan sitt område.

Det er store utfordringar knytt til den organiseringa politiet har i dag. Utfordringane er knytt til kvart einskild politidistrikt sitt høve til å løyse oppgåvene sine, samt heilskapleg organisering og leing av etaten. På lokalt nivå gir ikkje dagens organisering med mange små tenestestadar den responskvalitet og tilgang på polititjenester som publikum har behov for.

Etter utvalet si vurdering medverkar dagens organisering og struktur til:

- avgrense høve til lik og heilskapleg leing og utvikling av politiet
- å gjere effektivt samarbeid mellom politidistrikta for å løyse felles grenseoverskridande utfordringar vanskeleg
- små og sårbare spesialistmiljø i politidistrikta
- ei utilsikta sentralisering av politiressursar til særorgan og dei største politidistrikta/større tenestestadar
- å svekke politikrafta som reelt sett er tilstades for publikum lokalt

Etter utvalet sit syn er det i dag tungvint å få gjort naudsynte endringar i inndelinga av politidistrikt. Inndelinga i lensmannsdistrikt og politidistrikt vert i dag fastsett i samsvar med politilova § 16 av Kongen. I tillegg har regjeringa gjennom St.meld. nr 25 (2008-2009) *Lokal vekstkraft og framtidstru – Om distrikts- og regionalpolitikken*, lagt som premiss at det må liggje ei lokalpolitisk semje til grunn før framlegg om endringar i lokal struktur kan handsamast. Dette har ført til ein praksis der kommunane i realiteten har vetorett når det gjeld korleis polititjenesta skal organiserast innan det einskilde politidistrikt. Utvalet meiner at det må etablerast ein klarare avgjersleprosess der omsynet til effektive polititjenester bør vere det viktigaste kriteriet. Kommunane bør ha uttalerett, men ikkje vetorett slik som det i praksis er i dag.

Ein betre organisert politietat krev endringar både av politidistrikta, særorgana, Politidirektoratet og den lokale strukturen. Utvalet rår til ein heilskapleg modell for organiseringa av politiet. Endringane vil skape meir politikraft og gi betre polititjenester der folk bur. Desse hovudgrepa må til:

- Etablere færre men robuste politidistrikt som har tilstrekkeleg kapasitet og kompetanse til å handtere oppgåvene med tilfredstillande responstid og kapasitet.
- Styrkje lokalpolitiet gjennom auka politibemanning og færre små einingar.
- Funksjon og kapasitet til særorgana vert tilpassa ny distriktsstruktur.
- Politidirektoratet må få rammevilkår til å ta eit heilskapleg ansvar for strategisk utvikling og leing av politiet.

Utvalet meiner at desse fire grepa vil:

- Frigjere ressursar til politioperativt arbeid gjennom meir effektiv ressursutnyttig og auka kostnadseffektivitet.
- Gi meir robuste einingar.
- Gi betre føresetnader for å jobbe på tvers av politiet av di det vert enklare å få til standardisering og læring på tvers.
- Gi ei einskapleg organisering av politiet med politidistrikt som har nokolunde lik storleik når det gjeld oppgåver, innbyggjarar, budsjett og personell samstundes som dei har ei geografisk utstrekning som kan handterast.
- Leggje til rette for heilskapeleg og betre leing av politiet.

Utvalet rår til at det vert etablert seks politidistrikt i landet. Etter utvalet si vurdering er dette den løysinga som gir dei beste føresetnadene for å utvikle god kvalitet og skape sterke fagmiljø for å kunne utøve politiet sine kjerneoppgåver i det einskilde politidistrikt.

Det er ei rekkje overordna kriterium som ligg til grunn for utvalet si vurdering av endringar i organiseringa av politidistrikta. Desse er:

- Robuste politidistrikt. Politiet skal ha føresetnader for å inneha alle vesentlege fagmiljø som er naudsynt for å løyse kjerneoppgåvene.
- Betre leiing og styring
- Effektiv bruk av ressursar

Utvalet har i si vurdering av distriktsmodell utarbeidd tre alternative modellar med høvesvis 6, 10 og 18 politidistrikt som alternativ til dagens ordning med 27 distrikt. Den første modellen er regionmodellen, som er utvalet sin tilrådde modell. Regionmodellen har seks politidistrikt som alle oppfyller kriteria for å vere robust. Det betyr operasjonssentralar som vil vere i stand til å handtere større hendingar i politidistriktet. Alle politidistrikta vil ha tilstrekkeleg kapasitet innan innsatsleiing og uttrykkingseiningar til å støtte politiet lokalt ved større hendingar. Vidare vil alle politidistrikta kunne etablere tilstrekkeleg fagmiljø innan førebygging, analyse, spesialisert etterforskning, påtale og kriminalteknikk.

Fylkesmodellen har 18 distrikt. Modellen løyser ikkje utfordringa med dagens distriktsstruktur. Med ein reduksjon frå 27 til 18 politidistrikt vil svært få av distrikta oppfylle dei kriteria som er lagt til grunn for å vere robust.

Den siste modellen som er vurdert er mellomalternativet. Denne modellen har ti politidistrikt, og gjer noko betre føresetnader for å ta i vare krava for å vere robust. I denne modellen vil fem av ti politidistrikt i hovudsak oppfylle kriteria innanfor alle fagmiljø.

Utvalet tilrår ei styrking av det lokale politiet gjennom auka politibemanning og færre små einingar. Lokale tenestestader skal slåast saman og ressursar som vert frigjort skal nyttast til å gi auka grunnberedskap, styrka fagmiljø og ei betre publikumsteneste lokalt. Utvalet rår til ein reduksjon i talet på tenestestadar frå 354 i dag til om lag 210. Dette skal gi meir politikraft lokalt og kortare responstid.

Den lokale strukturen vi har i dag er etter utvalet sitt syn eit reelt hinder for politiet sit høve til å drive effektiv førebygging, sikre lov og orden og tilby god polititeneste lokalt. Effektiv løysing av politiet sine kjerneoppgåver er først og fremst eit spørsmål om kva arbeidsmetodar som vert nytta, kva kompetanse tenestepersonane har, kva systemunderstøtte som er tilgjengelig og eit politi som er tilgjengelig der og når kriminalitet skjer. Tenestestad er berre eit utgangspunkt for politiet å operere ut frå, og ein stad der publikum kan få tilgang til enkelte av politiet sine tenester.

Ei samanslåing av små tenestestadar gjer det mogleg å:

- redusere den delen av politibemanninga som er bunde opp til kontoret si opningstid
- etablere større og meir robuste fagmiljø og tenestestadar lokalt
- redusere administrative kostnader knytt til drift av tenestestader, inkludert administrativt tilsette og eigedomskostnader.

Utvalet meiner dette vil leggje føresetnadene på plass for fylgjande resultat:

- Politiet si bemanning vert styrkt lokalt.
- Oppgåveløysinga lokalt vert meir effektiv.
- Det vert mogeleg å utvikle lokal fagekspertise.
- Politiet får styrka evna til å vere tilstades lokalt og betre responsen gjennom auka grad av døgkontinuerleg teneste og lokale beredskapsordningar.
- Politiet får betre beredskap og auka evne til kraftsamling lokalt.
- Politiet vil lokalt vere meir tilgjengelege for publikum då færre tenestestader gir betre opningstider på dei som er igjen.

Gjennom å samla ressursane færre tenestestader vil den gjennomsnittlege bemanninga auke. Dette gir større mogeligheit for å disponere politiutdanna personell der og når det er behov for dei og betrar beredskapen i politidistriktet.

Publikum må pårekne å kjøre noko lenger for å få tenester dei sjeldan har bruk for som pass og våpenkort. På den andre sida vil publikum få vesentleg betre polititenester på områder som betyr mykje som td. auka nærleik og snøggare respons ved alvorlege hendingar.

Vurdering:

Mange av dei funna utvalet har gjort i politiet vil vi kunne kjenne igjen frå eigen organisasjon, då utfordringar knytt til oppgåvespenn, organisering og leining i stor grad også gjeld kommunar.

Når det gjeld framlegget til endringar i politiet meiner rådmann uttalen frå kommunen bør konsentrere seg om det som i størst grad vil kunne kome til å påverke oss. Uttalen vert difor avgrensa til det som gjeld oppgåver og organisering.

Når det gjeld organisering er det ikkje grunn til å tru at dette vil bli medføre vesentlige endringar for Nordhordland. Regionen er alt organisert i eit polititenesteområde, og vil mest truleg også vere det i ein eventuell ny modell. Folketalet i regionen er stort nok til å forsvare eit eige tenesteområde, sjølv om talet på tenestestadar skal ned. Det at redusert tal på tenestestader fører til auka ressursar på dei stadane som vert igjen, og der det bur mest folk er positivt om resultatet vert meir operativt politi, døgnbemanning og kortare responstid.

Oppgåver som føreset personleg oppmøte må løysast der folk bur. Det betyr at avstand er eit tema. Om det er politiet eller andre som har ansvaret for oppgåva er mindre viktig så lenge den vert utført på ein forsvarleg og effektiv måte, utan at folk må reise urimeleg langt for å få løyst ærendet sitt.

Utvalet gjer framlegg om at fleire av dei sivilrettslege oppgåvene politiet har i dag skal overførast til kommunen. Dette utan at det vert gjort framlegg om at tilsvarande ressursar skal fylgje med. Det går fram av utvalet si tilråding at dei ressursane politiet i dag har skal bli værande i politiet, sjølv om oppgåvene vert smalare. Dette for å styrkje kjerneoppgåvene til politiet. Mange av dei oppgåvene som etter utvalet si vurdering bør gå til kommunane er oppgåver på sida av det kommunen har ansvar for i dag. Utan tilstrekkjeleg finansiering og kompetanse slik at vi kan blir i stand til å løyse dei nye oppgåvene, vil dette gå ut over det som i dag er kjerneoppgåvene til kommunen.

Mange kommunar er i dag for små for å kunne løyse dei nye oppgåvene på ein effektiv måte, då talet på saker vert så lite at ein ikkje klarer å byggje opp kompetanse. For å få til ei effektiv oppgåveløysing på desse områda føreset det interkommunalt samarbeid eller endring i kommunestruktur, slik at saksmengda vert stor nok. Uansett treng vi tilføring av ressursar for å løyse dei nye oppgåvene.

Kommentarar til dei konkrete oppgåvene det er gjort framlegg om at kan overførast til kommunar:

Barnehus

Statens barnehus er eit tilbod til barn og ungdom som har vore utsett for, eller har vore vitne til seksuelle overgrep eller vold. Her er framlegget at barnevernet eller helsevesenet skal ha ansvar for drifta. Det går ikkje fram om det er snakk om det statlege barnevernet, eller det kommunale. Argumentet er at det er barnevernet som har spesialkompetanse på handsaming av barn, og at dei difor bør overta det heilskaplege ansvaret for administrering av barnehusa. Barnehusa er i dag organisert under, og vert drivne av dei respektive politidistrikta. Om kommunane overtek dette ansvaret vil det bli ei typisk interkommunal oppgåve på lik line med krisemottak for kvinner og menn og voldtektsmottak for vaksne.

Transport av psykisk sjuke

Framlegget går på at helsevesenet skal ha dette ansvaret. Det er i dag også slik at helsevesenet har det formelle ansvaret men i realiteten vert politiet ofte brukt til å utføre oppgåva grunna manglande kapasitet i helsevesenet. I Hordaland er det helsevesenet (2. line tenesta) som har handtert dette gjennom ei eiga teneste. Rådmann meiner dette framleis bør vere organisert under 2. linetenesta innan helsevesenet. Kommunane har ikkje ressursar eller kompetanse til å ta denne oppgåva.

Ta i vare personar som er overstadig rusa

Framlegget går ut på at helsevesenet og/eller kommunen skal ha denne oppgåva. Dette er eit ansvar politiet lenge har ønskt overføre til andre. Oppgåva krev kompetanse i å ta hand om vanskelege og gjerne utagerande personar. Kommunane har i liten grad slik kompetanse i dag. Dei fleste kommunane har heller ikkje eigna plass til å ta hand om desse personane, då det er krav om tilsyn så lenge dei er rusa. Det er difor ein føresetnad at det vert bygd opp eit kommunalt eller interkommunalt tilbod om døgnplassar for rus/psykiatri for å kunne ta i vare denne oppgåva på ein forsvarleg måte.

Handtere hittegods

Framlegget går ut på at kommunar eller privat verksend bør ha ansvar for dette. I dag er ansvaret for å handtere hittegods svært fragmentert. På mange offentlege stader vert oppgåva utført av private til dømes på flyplassar. Politiet har i dag delansvar for mottak av og handtering hittegods, ettersporing av eigar, sal av hittegods og forvaltning av ordning med finnarløn. Oppgåva ligg langt frå det som er kommunale oppgåver i dag. Rådmann kan ikkje sjå at dette er ei naturleg oppgåve for ein kommune å engasjere seg i. Tvert i mot er dette ei oppgåve private kan handtere.

Handtere vrak

Framlegget går på at kommunar, fylkeskommunar eller private kan ha ansvar for denne oppgåva. I dag er det uklart kven som har ansvaret for å handtere vrak. I utgangspunktet er det eigar sjølv som er ansvarleg for å fjerne vrak. Vrak er først og fremst eit miljøproblem, og då er det kommunen som har ansvaret. Dersom vraket kan sporast til ei (potensiell) kriminell

handling, er det politiet som har ansvaret. Men det er og ein ikkje ubetydeleg kostnad forbunde med fjerning av vrak, anten det er skip eller bilar. Miljø-, renovasjon og avfallselskapa i kommunane har naudsynt kompetanse til å ta i mot og hente vrak, samt spore eigar.

Godkjenne brukthandlar

Det er gjort framlegg om at dette bør vere ei kommunal oppgåve. I dag er det politiet som handsamar søknader om bevilling for brukthandel. Dette har historiske årsaker. Argumentet for at kommunane bør overta denne oppgåva er at kommunane har same innsyn som politiet i særlege tilhøve som er av verdi for etablering av brukthandel, på same vis som anna næringsverksemd.

Handtere laushundar og forbod mot farlege hundar

Framlegget går ut på at oppgåva bør leggjast til mattilsynet eller kommunen. I dag har politiet mynde til å gripe inn i medhald av hundelova. Oppgåva kan på ein god måte takast i vare av Mattilsynet.

Sekretariat for forliksråda

Framlegget går ut på at dette bør vere ei kommunal oppgåve. Denne oppgåva vart i 2005 overført frå kommunen til politiet. Domstolsadministrasjonen har uttalt at det ikkje er tenleg å bruke politiet som sekretariat for ein domstol. Kommunane har dei system og den kompetanse dei treng for å kunne oppnemne personar til sekretariat for forliksrådet.

Gjeldsordning

Framlegget går på at dette er ei oppgåve som bør leggjast til NAV-kontora (kommunen) eller statens innkrevjingsentral. Politiet har som namsmann store oppgåver etter gjeldsordningslova. Dette er ei oppgåve som ikkje er av typisk politikaraktar. Tilbodet bør likevel vere lokalt av di det er samfunnsmessig viktig at det er eit lavterskeltilbod.

ADMINISTRASJONEN - FRAMLEGG TIL VEDTAK:

"

1) Politiet må vere slik organisert at dei er til stades der behova er størst, når behova er størst. Døgnkontinuerleg vakt og kort responstid er viktig for at innbyggjarane skal oppleve å ha eit trykt lokalsamfunn.

2) Oppgåver som politiet ikkje lenger skal løysast må leggjast til kompetente organ som har nok ressursar og kompetanse til å løyse oppgåvene på ein effektiv måte. Publikum må ikkje oppleve at servicen og avstand til tenesta vert svekka.

3) Meland kommune vil på det sterkaste rå frå at kommunane vert pålagt nye oppgåver som ligg fjernt frå det som i dag er kommunale primæroppgåver.

4) Meland kommune vil understreke at nye oppgåver lagt til kommunane krev tilførsel av ressursar og at oppgåvene må fullfinansierast. "

25.09.2013 KOMMUNESTYRET

KS-061/13 SAMRØYSTES VEDTAK:

"

- 1) Politiet må vere slik organisert at dei er til stades der behova er størst, når behova er størst. Døgntinuerleg vakt og kort responstid er viktig for at innbyggjarane skal oppleve å ha eit trykt lokalsamfunn.
- 2) Oppgåver som politiet ikkje lenger skal løysast må leggjast til kompetente organ som har nok ressursar og kompetanse til å løyse oppgåvene på ein effektiv måte. Publikum må ikkje oppleve at servicen og avstand til tenesta vert svekka.
- 3) Meland kommune vil på det sterkaste rå frå at kommunane vert pålagt nye oppgåver som ligg fjernt frå det som i dag er kommunale primær oppgåver.
- 4) Meland kommune vil understreke at nye oppgåver lagt til kommunane krev tilførsel av ressursar og at oppgåvene må fullfinansierast."

Rett utskrift

Dato: 30.09.13

Randi Hilleland

Kopi til:

Justis- og politidepartementet